

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Fonna HF
DATO: 20.10.2022
SAKSHANDSAMAR: Helga Stautland Onarheim
SAKA GJELD: **Valstyre for Helse Fonna HF**

STYRESAK: 71/22

STYREMØTE: 28.10.2022

FORSLAG TIL VEDTAK

Valstyret for Helse Fonna HF, for valet i 2023, skal ha følgjande medlemmar:

- Finn Arve Åsbu avdelingsleiar, Utdanning og kompetanse avdeling, HR - leiar
- Linda Gjelsten, klinikktilitsvalt Fagforbundet - nestleiar
- Velaug Kolbeinsen Frøyland, tillitsvalt NSF

Bakgrunn for saka

Styret i Helse Fonna HF skal ha 11 medlemmer. Inntil sju medlemmer blir oppnemnd av føretaksmøtet. Føretaksmøtet utpeikar leiar og nestleiar.

I tillegg skal dei tilsette velje fire styremedlem med varamedlem jf. føretaksmøtet 20. februar 2014. Med utgangspunkt i dei partsforholda som gjeld, skal styremedlemmane som er vald av og blant dei tilsette ikkje delta i behandling av saker som gjeld arbeidsgjevar si førebuing av forhandlingar, arbeidskonfliktar, rettstvistar med arbeidstakarorganisasjonar eller oppseiing av tariffavtaler.

Styremedlemmane blir oppnemnde for to år om gongen. Same funksjonstid gjeld for styremedlem vald av og blant dei tilsette, som skjer kvart anna år. Siste val av styremedlem vald av og blant dei tilsette var juni 2022 (suppleringsval for valet i januar 2021).

Fakta

I «Forskrift til helseforetakslovens bestemmelser om de ansattes rett til representasjon i regionale helseforetaks og helseforetaks styre» står det i § 8 at valet skal bli leia av eit valstyre. Valstyret skal bestå av minst tre personar med stemmerett. Valstyret skal vidare ha ein leiar og ein nestleiar. Det er styra i føretaka som skal peike ut valstyret.

Det er valstyret si oppgåve å fastsette datoen for valet. Valstyret skal kunngjere valdatoen med ein frist på åtte veker. Valstyret skal òg kunngjere om valet skal bli gjennomført som fleirtalsval eller som forholdstalsval. Det er valstyret si oppgåve å sjå til at innkomne forslag er i samsvar med lova og forskrifta, og om dei kandidatane som er føreslåtte er villege til å stille til val.

Valstyret vil ha ei funksjonstid frå oppnemninga skjer i styret i Helse Fonna HF og til valet i 2023 er gjennomført og godkjend. Det er ei målsetting at valet skal vere gjennomført i slutten av februar 2023.

Det er ei målsetting at valprosessane i alle føretaka kan vere samkjørte, og at alle valstyra blir einige om ein felles valdato for valet i 2023, slik det tidlegare har vore praktisert. Dette vil også medverke til at det blir felles prosessar for heile føretaksgruppa Helse Vest.

Tilråding

Forslag til nytt valstyre for Helse Fonna HF, for valet i 2023, er:

- Finn Arve Åsbu avdelingsleiar, Utdanning og kompetanse avdeling, HR- leiar
- Linda Gjelsten, klinikktillitsvalt Fagforbundet - nestleiar
- Velaug Kolbeinsen Frøyland, tillitsvalt NSF

Valstyret sin funksjonsperiode er fram til valet i 2023 er gjennomført og godkjend. Leiarvervet er på omgang, og det er arbeidsgivar som skal ha leiarvervet for dette valstyret.